



I 30 år har Nikøy A/S halde til i dei noverande lokala ved kaia. Frå 1903 har Nikøy-familien drive handel i Bulandet.

Nikøy 90 år i Bulandet

For 90 år sidan tok Petter Nikøy til med handel på ei sjøbu i Bulandet. På den tida rodde eller sigla han til Værlandet, der han kryssa øya til fots for å hente post. I dag driv etterkomarane hans både post, butikk, fiskemottak og fiskeforedling.

FIRDA
AUD ELSA GRØNENG

Onsdag var det jubileumsfeiring, som også markerte 30 år sidan butikken flytte frå sjøbua til nybygg. Vertsfolket serverte rømmegraut til kundane som var inno. Eldre og uføre vart henta, og fekk seg ei hyggjestund i butikken. Der finn bulendingane det meste av det dei treng, og dei støttar nærbutikken sin.

Konstanse Tysse, dotter til Petter, ordna med lotteri og tombola til inntekt for symjebasseng i bygda. Ho let aldri sjansen gå ifrå seg, når det gjeld å skaffe pengar til det

etterlengta bassenget.


Ho fortel at faren kom frå militærtjeneste, var veikhelsa, og kunne av den grunn ikkje dra på fiske. Dermed tok han til med handel. Han kjempa også for å få postkontor til Bulandet. I fleire år henta han posten i Værlandet.

Den gongen var det heller ikkje ekspedisjonskai på Nikøy. «Gula» låg på sørsida av Bulandet ved Hovden, og der måtte varene hentast. Før siste verdskrigen bygde Nikøy kai på Båtmannskjeret. Men der var ikkje vegsamband, og varene måtte hentast med båt. Å hive opp sekkar med mjøl på 100 kilo ved hjelp av vinda, var tungt arbeid.

Hadde bakeri

I 30-åra starta Nikøy bakeri, som var i drift til det måtte avviklast i krigsåra på grunn av lite mjøl. Han eksporterte laks til England, og førde fisk med brønnbåt til Bergen. Nat- ta gjekk med til reisa, om dagen selde han fisken i byen. Neste natt var det heimreis.

Første kona døydde etter å ha fått ein son. I 1925 gifte han seg med Elisa Gjervik, som var sjukepleiar. Ho måtte mang ein gong sjå til ein verkefinger, og få silderiks ut or augo på folk. Det rike sildefisket var



Konstanse Tysse nytta høvet under jubileumsfeiringa til Nikøy A/S, Bulandet, og hadde lotteri til inntekt for symjebasseng i bygda.

grunnlag til handelen. Då var det mykje båt og folk i bygda.

Send til Grini

– Rundt juletid kunne huset vere fullt av folk. Vi hadde både drenger og tenestejenter som gjorde godt arbeid. Særleg såg vi det då pappa vart arrestert av tyskarane under krigen. Dei som arbeidde her var trufaste, slik at drifta kunne

halde fram sjølv om pappa var borte.

Han vart arrestert i mai 1942, og var både på Ulven og Grini. Trass i hard mishandling, greidde han å halde tett om englandsfarten og våpenfrakt. Han skulda på dei som var komne seg velberga til England. Etter ein 16–17 månader i fangenskap, kom han heim, merkt for livet. Han døydde i 1953, 72 år gammal.

Dei tre syskena Atle, Konstanse og Håvard tok over, og i 1963 kunne dei ta i bruk nytt hus til butikk og post ved ekspedisjonskaia. Atle døydde i 1968. Kona hans, Jorunn, arbeider også i butikken. Nokre av borna i tredje generasjon har no gått inn i butikkdrifta, fiskemottaket og filetfabrikken.

Har jobba for bassen

Det er neimen ikkje sikkert at Flora får symjehall før Bulandet. På dei planerte nakkane synnafor Båtsmannsskjeret står eit digert badekar på 8 x 12 meter. Bygd av sandwich-plast i Eikefjord, og slept ut natt til laurdag.

Harald J. Stavang
Florø

Den første som skal bade i karet er Konstane Tysse. Det reknar vi for sikkert, og kanskje får ho med seg Tore Hillersøy.

Konstane fylte 70 tidlegare i år, og har trappa ned arbeidet i butikken på Nikøya. Men inne på kaffirommet freser vaffeljernet ut sine liftlege godlukter, og praten går blant kjeledressklede karar og kvinnfolk som kjem frå øyane ikring på handlerunde.

Ho Konstane blandar meir røre, og vaflane går ned i den trygge forvissinga om at no blir det snart «symjehall» i Bulandet. På bordet står bøssa der ein kan putte på etter evne og hjartelag. På «aksjonsplakaten» står blant anna Konstane sitt motto: «Mine kundar sviktar aldri».

Fekk ideen i 1983

I 14 år har Konstane steikt bassengvaflar, og kronene har trilla inn: ei for ei, to for to og ti for ti. Ein setel i ny og ne. Alt sirleg ført på bok i von om at det eingong skal lukkast å få eit symjebasseng i Bulandet.

— Det var i 1983 at eg kom på tanken om dette med vaffelsteikinga (og basar og tombola og slikt), fortel ho i ein prat med Firdaposten, medan snøsletta driv forbi glaset i den tiltakande synnavinden.

Sjøen surklar gråkald i sunda, og skikkeleg badevarmt blir det aldri her ute, kanskje med unntak av sommaren i år.

— Det er mange i min generasjon som ikkje kan symje, og eg gjer no ikkje dette for min del, men for barnebarn og oldebarn og dei som kjem etter. Det er ikkje sikkert eg får nytte av det, men det kunne no har vore kjekt ... legg ho til med ein liten smil.

30-års prosjekt

Bulendingane kan i år skrive 30-årsjubileum for opptaket. Det var Fiskarkvinnelaget som starta med å sende brev til kommunestyret i 1967. Dei arbeidde for eit lite oppløingsbasseng knytt til skulen.

— Men det vart sjølvsgat avslag, seier Konstane. Bulendingne er visst ikkje altfor godt vane med «storsamfunnet» sine prioriteringar.

Skulle det vere trong for symjeopplæring nokon stad, måtte det vere her ute, der få bur lengre frå sjøen enn du kan kaste ein snøball i motevind.



No får ungene symjeopplæring i Askvoll, men det blir ikkje det same. Basseng ville dei ha, og vaffeljernet gjekk av gamal vane. Kontoen voks litt etter litt.

«Suppegjengen» med fleire

Konstane blar i ei bok:

— Og her er overskotet frå ein suppegjeng der Øyvind Viger (teknisk sjef i Førde) er kokesjef, smiler ho og les:

«Eitt tusen i 1994, 2 1/2 tusen i '95, to tusen i fjor og halvtanna tusen i sommar».

— Suppegjeng?

— He, ja, det er ein masse folk frå Dale og Førde som kjem ut ein dag og ein kveld for sommaren og kokar suppe av fisk og tang og tare og har fest. Vi fått av overskotet til basseng, forklarar ho, og blar vidare.

— Sjå her, ja. I 1993 selde han Håvard (bror hennar) noko sild og fekk 1.500 kroner som gjekk til bassengfondet. Og her er ei gåve frå Sogn og Fjordane Bustadbyggelag; også 1.500 kroner. Og her er ein fiskar som hadde til gode 350 kroner på Kroa. Dei fekk vi òg til bassenget.

— Slik har det vore. Heile samfunnet har støtta opp. Det er

berre moro å arbeide når det er slik, seier ho.

Og heile tida går vaffeljernet, og folk legg pengar på bøssa i kaffirommet.

— Eg synet det er kjekt når ein kjem saman slik og pratar. Er det nokon vi saknar, så spør vi etter dei. Folk bryr seg om kvarandre og passar på. Det synest eg er ein god skikk, legg ho til.

Snart 200 tusen

I førstinga gjekk dette innsamlingsarbeidet smått. Ei krone her og ei der. Sia har det auka på. Då Konstane fylte rundt år, var det stort selskap med slekt og vener. Ho skulle ikkje ha noko, men dei som ville, kunne heller gje ei gåve til Redd Barna eller symjebassenget.

— Veit du kva som kom inn til bassenget? spør ho.

— Nei, det er ikkje godt å tippe ..

— Over tjue tusen. Det synest eg var svært.

Til denne tid er det samla inn mellom 180 og 200.000 kroner på denne måten med vaflar og basarar og private gåver.

— Det vart først fart i det praktiske då anlegget kom; og han

Tore (Hillersøy) fekk ideen om å nytte varmtvatnet frå fryseriet og støype eit basseng i plast. I Eikefjord likte dei visst også tanken. Det var vel noko nytt for dei også, og no ligg det her. Det er mest ikkje til å tru, seier Konstane.

Korleis dei skal kome vidare, er ikkje godt å seie.

— Vi har ikkje teikningar, anna enn det han Tore har oppe i hau'a. Det kan sikkert brukast som ope basseng til sommaren, men draumen er å få tak over. Han Tore og dugnadsgjengen vert ikkje arbeidsledige, legg ho til.

Skulle hatt glasvegger

Og vi kan vel legge til at det må seljast mange vaflar enno. Men noko er kome i røre. Idrettslaget, Saniteten og Askvoll Røde Kors har lova tilskot.

— Vi har ikkje søkt om no, men vi må få til det aller nødvendigaste slik som tilkopla varmtvatn, dusj og toalett. Eit reinseanlegg kan vel også bli naudsynt.


Og så kjem det bulandske, lune:

— Ho Vivian Fedøy har laga ei



slike fine teikning. Vi skulle hatt oss eit hus med glasvegger, så fint som det ligg til der sør på Båtsmannsskjeret. Det hadde vel vore noko for ungarane å sjå på.

ngget med liv og røre



PÅ BASSENGKANTEN: Konstanse har sett seg på bassengkanten og kanskje blir det eit bad til sommaren. Tanken er med tid og stunder, å få bygd hus over bassenget. Men før så langt lir, må det nok steikast ein del fleire vafflar og gjerast mykje godt dugnadsarbeid. (Alle foto: Harald J. Stavang)



VED VAFFELRØRA: Konstanse Tysse har laga vaffelrøre i 14 år på kaffirommet hos Nikøy AS til inntekt for symjebasseng i Bulandet.

70 år i Bulandet

Konstanse Tysse er fødd og oppvaksen på Nikøy i Bulandet, og har budd her så å seie all sin dag. Faren var Petter Nikøy som i 1903 grunnla familieverksemda som vart A/S Nikøy i 1947.

Harald J. Stavang
Florø

Første kona døydde i spanska. Andre kona var Elisa som kom som sjukepleiar til Bulandet i 1925 frå Grane. Ho var mor til Konstanse og dei to brørne Atle (som døydde i i 1968) og Håvard Nikøy.

Stor slekt

Det er blitt ei stor slekt. Konstanse er sjølv mor til sju, og ventar sitt 12. barnebarn om ikkje så lenge.

12 år gamal byrja ho på butikken, som då heldt til nördst på neset. Der hadde dei både forretning, kafé, bakeri og fiskemottak. Dei sende laks til England og hummar til Bergen. Eiga brønnskøyte gjekk med levande fisk. Til by'n om natta og attende neste dag, så det var travelt.

Den vonde tida

Så kom krigen. Ei vond tid. Bu-

tikken hadde telefon og var ein slags kunnskapssentral.

— Vi måtte passe oss for kva vi sa, fortel Konstanse. Små gryter har også øyre.

Faren, Petter, var den første som gjekk til England med folk som sat hardt i det. Han gjorde to turar. Tok mot agentar, og gøynde folk som kom.

Sandøy var teke til radarstasjon av tyskarane, og alt folket måtte husast rundt om i Bulandet, i alt åtte familiar, trur Konstanse det var.

Rodde på skulen

Skulegonga var annakvar veke. Læraren var frå Os ved Bergen. Då krigen braut ut, greidde han ikkje seie noko. Han stod ved glasset og gret, hugsar ho.

Dei rodde på skulen, i kyrkja og kvar dei skulle.

— Det hadde no sin sjarm, det òg. I godt var det berre moro. Verre vinters tid med vind, snø og væte. Men vi var ikkje vane med anna.

Til slutt vart denne englandsfarten opprulla, og faren hamna på Grini, der han sat til krigen var slutt.

Men livet måtte gå vidare.

— Mamma fekk posten medan pappa var på Grini. Varene måtte roast frå Holmen, der rutebåten la til. Alt til butikken måtte hentast

på denne måten i det ver som var. 100 kilos mjølsekker måtte heiaast opp i andre etasje på bua.

Heile Bulandet flagga

— Då freden kom, var eg 17 år. Vi hadde telefon, og vi fekk greie på det den sjuande om kvelden. Eg gjekk frå hus til hus og fortalde. Etter kvart som eg for fram, kom det folk ut og heiste flagg. Dei for ned på båtane og pynta med flagglekkjer som dei hadde gøynt. Til slutt flagga heile Bulandet. Det var heilt ugløymeleg. Ein slik vakker og ufatteleg kveld som som eg alltid vil hugse, fortel Konstansen.

Vog lampeglasa

Så følgjer travle arbeidsår. Storsildfisket med duvande lys utafor land i vinterkveldane står som spesielle.

— Det var eitkvart så å seie døgnet rundt. Eg hugsar eg var så trøyt at eg vog lampeglasa. Men vi var unge og friske då...

Konstanse vart gift først på 50-talet, og fekk etter kvart sju barn.

— Mamma var heime heile tida meda ungene var små. Det var ei stor støtte. Dei levde opp i ei god og roleg tid, då folk hadde tid både til seg og sitt og til kvarandre. Dei var heller ikkje så vane med å stille krav i den tida. Ungane fann på ting sjølve, og

var med på alt. Ja, det var ei så god tid atte...

Brent fast i minnet

Ei hending står brent fast i minnet. Ho gjekk på siste dagane med første barnet sitt. Det var vinteren 1953.

Drivgarnsbåten «Føygutten» frå Koparvik står inn nordom Bulandet i måneskin ein laurdagskveld. Dekkslyset er på, og karane held på å riste sild av garna.

Dei i rorhuset må ha teke feil av Gjørøylykta. «Føygutten» går seg opp i eit grunnbrot.

Dei var seks-sju mann ombord. Folk som dei kjende, hadde vore der på fiske heile vinteren. Berre to berga seg.

— Søndag reiste eg med båten til by'n for å få ungen min. Dei to unge karane som hadde overlevd forliset, var med same båten. Dei skulle heimatt. Eg hugsar dei så godt, og tykte så synd i dei, fortel Konstanse.

Ho med si sitrande spenning og vonfulle glede over eit nytt liv; hennar barn. Dei med si botnlause sorg. Det var ei underleg reise.

Barnet vart ei jente. Ho vart døypt Elin, og er i dag gift Landøy, og er sjukepleiar på Værlandet. Over nyttår blir ho 45 år.

Livet og døden kjem ein gjerne nær når storhavet er nabo.



PÅ KAFFIROMMET: For kvar kaffikopp og for kvar vaffel som går ned, singlar det nokre kroner i bøssa til symjebassenget. Frå venstre Jardar Melvær, Petter Nikøy, Audun Kjempenes og Kjell Sandøy.

No eller aldri for basseng i Bulandet

ASKVOLL: Måndag avgjer Askvoll kommunestyre framtida for bassengplanane i Bulandet. Bassengnemnda har søkt kommunen om 300 000 kroner ekstra for å få fullfinansiert dei 9,2 millionane bassenget vil koste.

INGUNN OSLAND tekst

SAKA

■ I 1968 vart den første søknaden om støtte til å byggje basseng i Bulandet sent til kommunen.

■ I 2003 godkjende Kulturdepartementet prosjektet for spelemidlar.

■ Departementet har også løyvd 1 million i tilleggsløyving, fordi prosjektet vert sett på som eit pilotprosjekt.



MANGLAR HUS: Sjølve bassenget har lagt ved kaiområdet i Bulandet i vel ti år. Her er det Tore Hillersøy som viser fram bassenget, som skal bli symjehall i plast neste år om dei siste kronene kjem på plass.

– Det nærmar seg at det er eit no eller aldri for bassenget, seier leiar i bassengnemnda i Bulandet idrettslag, Frank Hatlø.

Kommunen har allereie lova å støtte prosjektet med 900 000. No er det søkt om ytterlegare 300 000 for å kunne levere ein komplett finansieringsplan, slik at dei får utløyst tippemidlane i 2009.

Tek ikkje stilling

Saka skal opp til handsaming i kommunestyret måndag. Rådmannen har sett saka på sakskartet utan tilråding.

– Det er ganske enkelt fordi eg

ikkje ønskjer å leggje noko press på politikarane i ei sak som er kommen opp etter at eg la fram budsjettet for dei. I ei anna sak, søknaden om støtte til kunstgrasbane går det fram at eg ikkje tiltrår å gå inn med midlar der, mellom anna fordi bassengsaka i Bulandet er komme mykje lenger, og har fått tilsegn både frå fylket og på spelemidlar, seier rådmann Robin Kirkhus.

Frank Hatlø håpar at politikarane ser behovet for dei ekstra midlane.

– Dette er viktig for øysam-

funnet. For lokalbefolkninga og for turismen. Vi bur ein stad der det er sjø rundt oss på alle kanter. I dag reiser elevane åtte gonger i året til Askvoll for å få symjeopplæring. Då reiser dei heimanfrå klokka åtte og kjem heim halv fem, for å få to skuletimar i bassenget, seier Hatlø.

Han legg til at bassenget også er ei nyvinning nasjonalt sett.

Alt skal byggjast i plast

Sjølve bassenget ligg klart på kaia i Bulandet. Det er bygd i same plastmateriale som ein

brukar i bygging av fiskebåtar.

– Heile bassengbygget skal byggjast i sandwich-plast. Det er så å seie vedlikehaldsfritt. Spillvarme frå fiskeindustrien skal nyttast til oppvarming. Dette er eit nyskapande og miljøvennleg prosjekt. Det er også derfor vi har fått ein ekstra million frå departementet, seier Hatlø.

Han håpar inderleg at politikarane ser seg råd til å løyve dei 300 000 kronene som manglar for å få sett i gang bygging neste år.

ingunn.osland@firda.no